

## Arbeidsplan for Tromsø mållag 2010, vedteken på årsmøtet 9. februar 2010.

1. Kulturtilskipingar
  - 11. mars: Raudvinsseminar i samarbeid med Historisk foreining i Tromsø og Hålogaland Teater: "Grense Jakobselv – dikt, historie eller heilt på grensa?" Kjartan Fløgstad innleier om *Grense Jakobselv* (2009), kommentarar av filosof Jørgen Fosslund og historikar Stian Bones.
  - Hausten: Samarbeid med Hålogaland Teater og Norsk Forfattarsentrum Nord-Noreg på deira *forfattarføredrag*; med Ragnar Hovland (me lagar quizz) og Frode Grytten
  - Stadnamnmøte med Bjørnar Østgård
  - Stadnamnvandring/kulturvandring på Tromsøya/Kvaløya/fastlandet
  - Samarbeid med Ordkalotten
2. Nettsideprosjektet "Nynorsk i nord" held fram.
3. Novelletevling for vidaregåande skule i samarbeid med Nordlys. Kanskje opne opp for andre sjangrar òg, men då lyse tevlinga ut med eit felles tema?
4. Barnehagesatsing
5. Nynorskbøker til bokmålsklassar. Formidle kontakt mellom interesserte lærarar/skular og Nynorsksenteret i Volda – som har ein del ressursar, både økonomiske og anna, til dei som vil vera med på slike prosjekt.
5. Følgje opp arbeidet med nynorsk på Universitetet i Tromsø
6. Nynorskmesser i Elverhøy, to gonger i året
7. Namnesaker. Følgje opp alle namnesaker som kjem frå kommunen.
8. Organisasjonsbygging
  - Medlemsskrivet "Nynorsk i Tromsø" to gonger i året
  - Verving
  - AU for Troms og Finnmark mållag
  - Vanlege medlemsmøte, til dømes eit arbeidsmøte om nettsidene
  - Laget kan hjelpe til med oppstart av studentmållag